


# EO-fondet

# 2019

Ei rettleiing til deg som skal søke





## Innhold:

- Side 3:** Kva er EO-fondet?
- Side 4:** Kven kan søke om midlar?
- Side 5:** Kva kan man søke om?
- Side 6:** Tips til kule ting ein kan gjere
- Side 7:** Korleis søke – trinn for trinn
- Side 8:** Sjekkliste for søknaden
- Side 9:** Søknaden er sendt inn  
– kva skjer no?
- Side 10:** Rapportering
- Side 11:** Vanlege spørsmål og svar
- Side 12:** Kontakt oss



elevorganisasjonen

## Kva er EO-fondet?

EO-fondet er eit fond for Elevorganisasjonen sine medlemsskular og innmeldte lærlingråd, og er eit av Elevorganisasjonen sine mest populære medlemstilbod. Kvart år deler vi ut over to millionar kroner til elevråd over heile landet!

**Formålet med fondet er at ditt elevråd skal få oppfylt sine draumar. Ved å søke om midlar frå EO-fondet kan elevrådet arrangere kule seminar, morosame aktivitetsdagar, spennande internasjonale veker eller noko heilt anna.**

Midlane i fondet kjem frå Frifond, som vi får tildelt gjennom Landsrådet for Norges Barne- og Ungdomsorganisasjoner (LNU).



EO-fondet opnar ved skulestart kvar år og **søknadsfristen er 1. november**. Søknadane vert behandla fortløpande, og det er *førstemann-til-mølla-prinsippet* som gjeld. Det vil seie at det gjeld å vere raskt ute med å søke!

Om de les godt gjennom denne rettleiinga vil de har ein mykje større sjanse for å skrive ein god søknad og ha alt på plass, slik at vi kan innvilge søknaden.

Hugs å ta kontakt med oss om det er noko som helst de lurar på. Kontaktinformasjon finn de på siste side i denne rettleiinga.

**Lykke til!**



elevorganisasjonen

## Kven kan søke om midlar?

Alle elevråd og lærlingråd som er **medlem av Elevorganisasjonen** kan søke til EO-fondet.

**Om du er usikker på om skulen din er medlem kan du ta kontakt med ditt fylkesstyre for å sjekke det.**

Kontaktinformasjonen til fylkesstyret i ditt fylke finn du på **[elev.no/\[ditt fylke\]](http://elev.no/[ditt fylke])**

**OBS!** Om skulen din ikkje er medlem av Elevorganisasjonen vil vi ikkje behandle søknaden.

**PS:** Ønskjer elevrådet ditt å melde seg inn i Elevorganisasjonen? Send oss ein mail på **[elev@elev.no](mailto:elev@elev.no)** eller sjekk ut **[elev.no](http://elev.no)**!



elevorganisasjonen

## Kva kan ein søke om?

I EO-fondet er det tre ulike kategoriar de kan søke til:

### Kategori E:

- Prosjekt som har som formål å auke elevmedverknad og elevdemokrati på skulen. **Maksimal søkesum er 25 000 kr.**

### Kategori OD:

- Prosjekt som er knytta til Operasjon Dagsverk si internasjonale veke. **Maksimal søkesum er 15 000 kr.**

### Kategori S:

- Sosiale tiltak som fremmer engasjement og samhald på skulen. **Maksimal søkesum er 15 000 kr.**

---

---

Kvart elevråd eller lærlingråd kan søke om midlar til så mange prosjekt som de berre orkar, men de kan **maksimalt mota totalt 30 000 kroner per skuleår** frå kategori E, OD og S.



elevorganisasjonen

## Tips til kule ting ein kan gjere

Lage lunsj frå årets  
prosjektland under  
internasjonal veke

Arrangere elevstyrt dag

Pynte hele aulaen  
på skolen til  
internasjonal veke

Arrangere skoleball for  
alle elevane på skulen

Ha utekonsert med eit  
kult band i lunsjen

Invitere ein kul  
foredragshaldar til skulen

Dra på hyttetur med elevrådet

Arrangere ein temadag  
om psykisk helse

Arrangere fotballturnering  
for hele skolen, med premier



Ha juleverkstad og grautdag  
for heile skulen i desember



elevorganisasjonen

## Korleis søke – trinn for trinn

1. Snakk med elevrådet og finn ut kva prosjekt de vil søke midlar til
2. Les retningslinjene for EO-fondet og denne rettleiinga for å unngå feil i søknadsprosessen
3. Fyll ut søknadsskjema i våre nettsider [elev.no/eo-fondet](http://elev.no/eo-fondet)
4. Fyll ut **alle** felt i søknadsskjemaet (søknaden vil ikkje bli behandla om det manglar informasjon)
5. Skriv ut og signer signaturarket og last det opp i søknadsskjemaet (dette må både elevrådsleiar og ein kontaktperson frå skulen gjere)!
6. Sjå på sjekklista på neste side og dobbeltsjekk at de har hugsa alt
7. Vent på svar!



**Lykke til!**



elevorganisasjonen

## Sjekkliste for søknad

- Det er berre søkt ein søknad per søknadsskjema
- Alle felta i søknaden er fylt ut
- Prosjektdato er før 31. mai
- Kontonummeret er riktig utfylt og tilhøyrar ikkje ein privatperson
- Det er ikkje budsjettert med å gå i overskot / resultatet er lik 0
- Prosjektet er grundig og godt beskrive
- Elevrådsleiar og kontaktperson på skulen har signert signaturarket
- Søknaden bryt ikkje med retningslinjene for EO-fondet
- De har spurt om hjelp om det er noko de lurar på





elevorganisasjonen

## Søknaden er sendt inn – kva skjer no?

### Søknad

Når vi mottek søknaden dokkar vil ei arbeidsgruppe på kontoret behandle den så raskt som mogleg.

### Svar på søknad

Når søknaden er ferdig behandla vil de mota ein mail med svar på om den er innvilga eller ikkje.

Dersom søknaden er blitt innvilga må de skrive under på eit akseptskjema (som de vil få i svarmailen) og sende det tilbake til oss på mail **innan to (2) veker** etter de mottek svarmailen.

Dersom søknaden ikkje er blitt innvilga vil de mota ein mail med grunngjeving for kvifor den ikkje er blitt innvilga, samt eit akseptskjema der innvilga beløp er null (0) kr. Dette akseptskjemaet treng de ikkje å signere eller gjere noko med.

**Om søknaden dokkar ikkje har blitt innvilga anbefaler vi å lese grunngjevinga nøye og sende inn ein ny søknad for eit liknande eller eit anna prosjekt!**

### Rapportering

Når de har motteke midlane og har gjennomført prosjektet må de rapportere tilbake til oss. De må då fylle ut rapportskjema som ligg på [elev.no/eo-fondet](http://elev.no/eo-fondet). Hugs å fylle ut signaturarket på nytt!

Rapportskjema må sendast til oss **seinast 31.desember for aktivitetar på hausthalvåret og 30.juni for aktivitetar på vårhalvåret.**



elevorganisasjonen

## Rapportering

I løpet av året vil Elevorganisasjonen utføre stikkprøvekontrollar på 5% av alle elevråd og lærlingråd som har motteke midlar frå EO-fondet, slik at vi kan sikre oss at pengane vert brukt til det dei skal, at alle bilag er til stades og at rekneskapen stemmer.

**Alle elevråd og lærlingråd som mottar midlar frå EO-fondet pliktar seg til å ta vare på alle rekneskap og bilag for prosjektet i minimum eitt (1) år etter at prosjektet er fullført.**

Om det manglar bilag eller rekneskap, eller vi finn at pengane har blitt brukt på noko anna enn det dei vart innvilga til i søknaden vil skulen automatisk miste retten til å søke om midlar frå EO-fondet neste skuleår. I nokre tilfelle kan det også førekomme at Elevorganisasjonen krev tilbakebetaling av midlar.





elevorganisasjonen

## Vanlege spørsmål og svar

### Kven skal søknad, akseptskjema og rapportskjema sendast til?

Søknadsskjema og rapportskjema finn du digitalt på [elev.no/eo-fondet](http://elev.no/eo-fondet). Akseptskjema skal sendast til [eofondet@elev.no](mailto:eofondet@elev.no)!

### Ting gjekk ikkje heilt som planlagt, kan vi utsetje prosjektet vårt?

**Ja!** Send oss ein mail og forklar kva som har skjedd og kva dato de vil utsetje prosjektet til. Vent på svar før det gjer noko meir.

**NB!** Ny dato må også vere før 31. mai.

### Prosjektet er ferdig, men vi har pengar til overs. Kva gjer vi?

Om de har pengar til overs frå eit prosjekt kan de gjere to ting:

- 1) Søke om å flytte pengane over til eit anna prosjekt.** Send oss ein mail fortel oss kva prosjekt de vil flytte pengar frå og kva prosjekt de vil flytte pengar til, samt beløpet de ønskjer å flytte. Vent på svar før de gjer noko meir.
- 2) Tilbakebetale restmidlane til oss.** Send oss ein mail, så sender vi kontonummer de skal overføre til.

### Skal vi sende inn rapportskjema for kvar enkelt prosjekt?

**Ja,** de må rapportere for kvart prosjekt enkeltvis.

### Kan vi søke om pengar til å dra på studietur i utlandet?

**Nei,** i samsvar med retningslinjene våre kan ikkje midlane brukast utanfor Norge eller på aktivitet i utlandet.

### Er det tillat å bruke midlane frå EO-fondet på alkohol?

**Nei!** Midlane frå EO-fondet skal ikkje brukast til innkjøp av rusmidlar, dette inkluderer alkohol og tobakk. Alle arrangement og prosjekt som får innvilga midlar frå EO-fondet skal vere **100% rusfrie**.



elevorganisasjonen

## Kontakt oss

Lurer du på noko som helst angående EO-fondet eller søknadsprosessen? **Ta kontakt med oss!**




[eofondet@elev.no](mailto:eofondet@elev.no)



**22 99 37 00**



[elev.no/eo-fondet](http://elev.no/eo-fondet)



**Kolstadgata 1, 0652 Oslo**

**LYKKE TIL MED SØKNADSPROSESSEN!**